



**uskedalen.no er det fyrste eg les om morgonen, seier ho  
Uskedalen er den trivelegaste feriestaden vi veit om, seier han.**

**Ho og han er Lise og Vidar Raugstad som bur på Mongstad i  
Lindås. Han er stor entreprenør med 40 tillsette medan ho  
tek seg av rekneskapen. Begge er 53 år og har gjort det godt  
i livet. På pluss-sida reknar dei også mange vellukka opphald  
i Uskedalen.**

Han er vossing men budde i Herøysund frå 1963 til 1974.  
Det var imidlertid ikkje då han fekk smaken på Uskedalen,  
det skjedde då han for alvor vart båtmann. No har dei 2 vore  
hekta på båten og Uskedalen i 20 år og det er ei så alvorleg  
liding at dei har vore her i nesten alle feriar.

Dei er her også  
utanom påska, pinsa og sommarferien og vi er ikkje i tvil  
om at dei er dei største entusiastane vi har.

Bryggja dei ligg ved i Øyro Marina bør snart døypast om til  
Raugstadbryggja, for i god tid før ankomst ringar dei til Geir  
Enes og varslar om når dei kjem. Byggja er leigd på åremål.

Men kvifor er Uskedalen ein så gjev ferieplass - også for borna

Christine (26) og William (23) som er i Bergen og Fredrikstad? Foreldra nemnar turmogelegheitene fyrst, men dei klatrar ikkje i fjella. Så legg dei vekt på at det er eit godt miljø og mange trivelege folk her. Endeleg er det grunn til å leggja vekt på servicenivået med SPAR og Systrene Nilsen i front.

På biletet Lise, Vidar og Bino på Casa Blanca som er ein Princess 50

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen